



●				—			●			—			●			—			●			—			●			—			●	8
●				—			●			—			●			—			●			—			●			—			●	7
●							●						●						●						●						●	6
●							●						●						●						●						●	5
●							●						●						●						●						●	4
●			—				●			—			●			—			●			—			●			—			●	3
●							●						●						●						●						●	2
●							●						●						●						●						●	1
31	30	29	28	27	26	25	24	23	22	21	20	19	18	17	16	15	14	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1		

$\boxed{\bullet} = \text{Vrang}$

Elisabeth



30m pr 10 cm / 28m pr 10 cm

Desse lestane er strikka frå tåa og opp.

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Damesokken skal strikkast med strikkefastheit 30/10, medan herresokkane på 28/10. Lengden justerer du ihht tabell.

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridt rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangside

Tå:

Legg opp 11 m på kvar pinne med Judy's magic cast on totalt 22 masker.

Strikk ein omgang rett.

Nå skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har totalt 62 masker på pinnane.

Avslutt med omg. 2.

No har du 31 m på kvar pinne.

Fot:

Når tåa er ferdig startar du med å strikke mønster etter diagrammet. Mønster oppå foten, glattstrikk under. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Hælen måler ca. 8 cm.

Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 55 masker på pinne 1.

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen skal også ha strukturmøster som oppå foten.

Før du starter, sett ein MM på kvar side av dei midterste 7 m på pinne 1 slik:

Strikk 24 r, sett MM, strikk 1 vr, 5 r, 1 vr, sett MM, strikk 24 r. Snu. Strikk 24 vr, flytt MM, 1 r, 5 vr, 1 r, flytt MM, 24 vr. Snu.

No skal du felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen, samstundes som du legg til mønster på kvar side av dei 7 midterste maskane.

- Omg. 1 RS: Strikk 24 r, 7 m etter diagram, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 8 m som diagram viser, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du igjen har 29 masker på pinne 1.

Husk å fylle på med diagram etterkvart. (sjå bilete)

Pass på å avslutte hælen på same omg. som du avslutta oppå foten, slik at du er på same stad i mønsteret når du no skal byrje å strikke skaftet. Berre strikk eit par ekstra omg. bak på hælen om du treng det for å kome på same plass.

Skaft:

For å unngå hol i sidene når du skal byrje å strikke rundt igjen, og for å få mønsterrapport til å gå opp:

Plukk opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2 Strikk den siste vrangmasken, den du plukka opp og den første vrangmasken på neste pinne vrangt saman (3m vr saman) = 2 m felt.

Strikk mønster etter diagrammet heile vegen rundt (på begge pinner) til ønska lengde.

Vrangbord:

Strikk 10 omg 1r, 1 vr, men la den løfte masken fortsette opp i vrangborden.

Fell av med italiensk avfelling. Stram godt når du feller av, då blir vrangborden stødig men elastisk.

